


Uskedeling leiar stor internasjonal teikneseriefestival.

08.09.2016



Frå det store avslutningsshowet på fjorårets festival. Øyvind Naterstad nr.2 f.v.(Foto: Trond Sætre)

Når den store internasjonale teikneseriefestivalen Raptus vert arrangert i Bergen om ei veke, er det uskedelingen Øyvind Naterstad som er leiar for det store arrangementet. Han har også erfaring frå tidlegare festivalar, og det er 3. året han sit med leiaransvaret. Øyvind og samarbeidspartnerane hans kan tilby eit svært fyldig og spennande program.



Fjorden Cowboys er ein av dei nye teikneserieane som vert lanser på årets festival.

Bergens internasjonale teikneserie festival Raptus vart arrangert for første gang i 1996, og har no utvikla seg til eit stort arrangement som går over 3 dagar frå fredag 16. til søndag 18. september. Festivalleiar Øyvind Naterstad fortel at dei tilbyr eit program av eit vidt spekter. Han nemner føredrag, kurs, workshop, arrangement

for skular, lanseringar og mykje anna. Av internasjonale storleikar på gjestelista nemner han Tome som her i Norge er mest kjend for dei humoristiske strekane sine i serien Sprint.

Under festivalen vert det lansert fleire nye teikneseriar. Mellom anna inntar Fjorden Cowboys dette mediet, og det vert lova sterke smell i fjord og fjell! På Raptus kjem både Joar og Lothepus saman med teiknar Bjørnar K. Meisler og forfattar Arild Wærness.

Øyvind Naterstad ser fram til ei travel helg der han har god hjelp av 50-60 frivillige. Nokre jobbar jamnt med festivalen gjennom heile året, medan andre gjer innsatsen sin festivalhelga. Siste åra har Raptus vore 3. helga i september, og det vil dei halda fram med.

I 2012 var [5. og 6. klasse ved Uskedal skule blant dei besøkjande på den store teikneseriefestivalen.](#) På den tida var Øyvind Naterstad lærar på skulen her i bygda. No arbeider han som lærar i Bergen.

I september 2015 var det eit stort oppslag i Bergensavisen om fjarårets festival. Intervju med Øyvind Naterstad var sentralt i det, og [det kan de lesa her.](#)

Årets festivalprogram finn de [ved å klikka inn her.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland